



Tysseland Arkitektur AS
Strandgaten 19
5013 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1742 - 19/6812

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

Dato:

27.03.2019

Pålegg om øyeblikkelig stans av arbeid - GBNR 22/190 - Mjåtveitmarka

Administrativt vedtak. Saknr: 80/2019

Tiltakshavar: Mjåtveitmarka B16 AS
Heimelshavar: Rygir Tomteutvikling AS
Heimel: Plan- og bygningslova (pbl.) § 32-4

SAKSUTGREIING:

Historikk:

Meland kommune gav i vedtak datert 13.9.2018, 227/2018, rammeløyve for opparbeiding av utomhusarealet på B5 i Mjåtveitmarka. Løyve til i gangsetting vart gitt i vedtak datert 23.11.2018, 316/2018. 6.3.2019, i sak 54/2019, gav kommunen pålegg om vassprøvar ved utløpet av fangdammen mellom B5 og fylkevegen kvar 7. dag og fram til det ikkje er fare for forureining av Mjåtveitelva. Godkjent føretak må analysere prøvane, og resultatet må vise at vasskvaliteten er tilfredsstillande. Resultatet skal sendast til Meland kommune.

Kommunen hadde møte med representantar frå utbygger og Mjåtveitelva foreining onsdag 27.3.2019. I møtet vart resultat frå dei siste vassprøvane som er analysert lagt fram. Desse viser at det er forureining frå utbyggingsområdet. På bakgrunn av dette informerte kommunen om at vi må legge ned pålegg om øyeblikkelig stans av byggearbeid på eigedomen til det er gjort tiltak for å hindre forureining.

VURDERING:

Heimel:

Heimel for pålegg er pbl. § 32-4:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Om nødvendig kan plan- og bygningsmyndighetene gi den ansvarlige pålegg om stans av arbeid eller opphør av bruk med øyeblikkelig virkning. Slikt pålegg kan gis uten forhåndsvarsel. Om nødvendig kan plan- og bygningsmyndighetene kreve bistand av politiet for gjennomføring av pålegg om stans.

Kommunen vurderer at det er naudsynt å gje stoppordre med omgåande verknad av omsyn til forureining av Mjåtveitelva. Vi viser i den samanheng til pålegg om krav av vassprøvar, datert 6.3.2019, i sak 54/2019, og vurderinga vår etter forureiningslova.

Når utbygger har gjort tiltak for å hindre avrenning av forureina massar må det sendast dokumentasjon på dette til kommunen. Mellombels løysing kan akseptierast for at vi skal oppheve pålegg om byggestans, men varig løysing må prosjekterast og utførast. Ansvarer er erklært i byggesaken, og kommunen legg dette til grunn.

VEDTAK:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 32-4 gjev Meland kommune pålegg om stans av alt arbeid i samband med byggetiltak på B5 i Mjåtveitmarka inntil det er gjort tiltak for å hindre forureining av Mjåtveitelva.

Når kommunen har motteke dokumentasjon på gjennomførte sikringstiltak vil vi oppheve pålegget.»

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Mjåtveitelvens Forening

Rosslandsvegen 5918
336

FREKHAUG

Mottakere:

Tysseland Arkitektur AS

Strandgaten 19 5013

BERGEN